

SAK 32/12 LOKALMEDISINSKE TENESTER I HALLINGDAL, FINANSIERING VIDAREFØRING

Saksopplysning (i grove trekk brev dat. 13.8.2012)

I vedlagt brev dat. 13.8.2012 (vedlegg 1) frå prosjektgruppa for Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal, blir det bedt om nærare avklaring av rammene for prosjektarbeidet for:

- a) Hovudprosjektet
- b) Delprosjekt Kompetanse-, lærings- og meistringssenter

Hovudprosjektet

Alle kommunane i Hallingdal og styret for Vestre Viken har slutta seg til ei vidareføring av hovudprosjektet i tre år ut 2015. Det heiter i fellesvedtaket: «Prosjektet skal framleis finansierast fifty-fifty mellom kommunane i Hallingdal og Vestre Viken HF med hovudfinansiering gjennom søknad om sentrale samhandlingsmidlar». Vidare heiter det at stillinga som prosjektleiariar skal lysast ut så snart vedtak er gjort.

Prosjektgruppa er i ferd med å lyse ut stillinga for eitt år, med mogelegheit til å halde fram i inntil tre år. Prosjektgruppa meiner at ein har større sjanse til å få tak i gode prosjektleiariar dersom stillinga vert ei treårig prosjektstilling.

Det vert søkt om statlege samhandlingsmidlar for kvart år. På lik line med andre søkarar, fekk ikkje søknaden frå Hallingdal i 2012 tildelt så mykje pengar som ein søkte om. Det vart tildelt kr. 400.000,- for 2012. Dette vert i hovudsak søkt overført til 2013, då ein ikkje forventar tilsetjing før på slutten av året. Ein har ingen garantiar, men forventar tildelingar i same storleik dei neste to åra.

Budsjettet vil årleg liggje på om lag kr. 750.000,- inkludert lønnsutgifter for prosjektleiariar, sosiale utgifter og driftsmidlar til prosjektet. Kr. 350.000,- må altså dekkast lokalt med halvparten på Vestre Viken og halvparten på kommunane.

Prosjektgruppa ber om fylgjande avklaring frå regionrådet:

1. Kan regionrådet gje løyve til ei treårig tilsetjing?
2. Kan regionrådet løyve den årlege kommunale delen på om lag kr. 175.000,- eller skal denne fordelast på dei seks kommunane etter folketalet?

Delprosjekt Kompetanse, lærings- og meistringssenter

Det heiter i vedteken intensjonsavtale: «I løpet av 2012 etableres et samarbeid om 4 senger for øyeblikkelig hjelp og et prosjekt for lærings- og meistringssenter.» I fellesvedtaket heiter det: «Prosjektet opprettar eit 3-årig delprosjekt (2013-2015) for etablering og drift av eit kompetanse-, lærings- og meistringssenter for Hallingdal, dette som eit samhandlingsprosjekt mellom Hallingdalskommunane og Vestre viken HF. Delprosjektet blir bemanna med til saman 110 % stilling (60+50 %) og det skal søkast finansiert gjennom sentrale samhandlingsmidlar. Eventuelt restbeløp / eigeninnsats skal delast mellom kommunane og Vestre Viken.» Prosjektgruppa er noko usikker på korleis Nes stiller seg til denne delen av vedtaket.

Prosjektgruppa er i ferd med å etablere ei delprosjektgruppe med deltakarar frå alle kommunane, Utviklingssenteret for sjukeheimar og Vestre Viken HF. Prosjektgruppa avventar å lyse ut prosjektleiariarstillinga til det ligg føre svar på denne førespurnaden til regionrådet. Prosjektgruppa meiner at ein har større sjanse til å få tak i gode prosjektleiariar dersom stillinga vert ei treårig prosjektstilling.

Ein har ikkje fått sentrale samhandlingsmidlar til dette delprosjektet, men fekk kr. 400.000,- frå Helsedialog. Prosjektgruppa vil påpeike at dette er midlar som kjem frå helseforetaket, då KS

ikkje lenger bidreg til Helsedialog. Ein har ingen garantiar, men forventar også løyvingar frå Helsedialog dei neste to åra.

Det er vanskeleg å setje opp eit budsjett for KLM-senteret. Ein god del av aktiviteten kan dekkast gjennom små prosjekt der ein får prosjektmidlar utanfrå. Det kan nemnast at Utviklingssenteret for sjukeheimar hentar inn 1,8 mill. i ulike prosjektmidlar berre for 2012. Det er også truleg at KLM-senteret vil kunne få utløyst kompetansemidlar frå Fylkesmannen. Ein del av arbeidsoppgåva til prosjektleiar vil vera å sikre økonomien til senteret. Ein reknar med at ein etter det fyrste driftsåret vil ha meir oversikt over forventa inntekter og utgifter. Prosjektgruppa minner om at kommunane vil ha innsparing ved reduserte utgifter til kurs og konferansar utanom dalen.

Ser ein på den basale drifta, vil bruttobudsjettet årleg liggje på om lag kr. 800.000,- inkludert lønnsutgifter i 110 % stilling, sosiale utgifter og driftskostnader. Mykje av dei basale driftskostnadane reknar ein med å hente inn gjennom deltakaravgifter m.m. Likevel vil truleg nettobudsjettet for den basale drifta ligge nær kr. 725.000,-. Foretaket har allereie bidratt gjennom Helsedialogmidlar på kr. 400.000,-. Det resterande beløpet på kr. 325.000,- må såleis dekkast av kommunane.

Prosjektgruppa ber om fylgjande avklaring frå regionrådet:

1. Kan regionrådet gje løyve til ei treårig tilsetjing?
2. Kan regionrådet løyve den kommunale delen på om lag kr. 325.000,- for 2012/13 eller skal denne fordelast på fem eller seks kommunar etter folketalet?

Vurdering

Hovudprosjektet lokalmedisinske tenester i Hallingdal var i stor grad tenkt finansiert med statlege samhandlingsmidlar. For 2012 er Hallingdal tildelt kr. 400.000.

Ein har ingen garantiar, men forventar tildelingar i same storleik dei neste to åra.

Budsjettet vil årleg liggje på om lag kr. 750.000. Kr. 350.000,- må altså dekkast lokalt med halvparten frå Vestre Viken og halvparten frå kommunane.

Prosjektgruppa ber om fylgjande avklaring frå regionrådet:

1. Kan regionrådet gje løyve til ei treårig tilsetjing?
2. Kan regionrådet løyve den årlege kommunale delen på om lag kr. 175.000,- eller skal denne fordelast på dei seks kommunane etter folketalet?

Etter dagleg leiar sitt syn bør det arbeidast aktivt for å auke den statlege delen, dersom det er slik at eit større statleg engasjement har vore signalisert tidlegare. Når det gjeld løyving til dette arbeidet, vil det måtte nyttast midlar som det uansett er kommunane som må løyve.

Men ut frå Hallingtinget sitt vedtak i sak 08-08 kan Regionrådet for Hallingdal forskottere under føresetnad at kommunane er positive til deltaking.

I vedtaket står det:

4. *Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 1.500.000 ved starten av året.*
5. *Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.*
6. *Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 1.000.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.*

1.1.2012 var disposisjonsfondet på kr. 1.013.165,30.

I forhold til delprosjekt Kompetanse, lærings- og meistringssenter er dagleg leiar noko usikker på kva som faktisk er vedteke.

I intensjonsavtala står det:

2. Bakgrunn

*Samhandlingsreformen og arbeidet i Prosjektet Lokalmedisinske Tjenester i Hallingdal (LTH) har synliggjort behovet for å samarbeide om de mest krevende tjenestetilbudene i reformen. På dette grunnlaget ønsker Hallingdalskommunene å etablere et samarbeid om en intermedicæravdeling, **i tillegg til at prosjektsamarbeidet skal utrede behovet på andre samarbeidsområder, herunder et lærings- og mestrings-senter.***

4. Organisering av arbeidet og ansvarsfordeling mellom partene

*Samarbeidet vil bli organisert etter kommuneloven § 28b, administrativ vertskommunemodell. Kommunene har i samarbeid med Vestre Viken HF som intensjon å etablere en felles sengeavdeling i 2015 og et eventuelt felles lærings og mestringsssenter fra 2016. **I løpet av 2012 etableres et samarbeid om 4 senger for øyeblikkelig hjelp og et prosjekt for lærings og mestringsssenter.***

Dagleg leiar oppfattar at prosjektet i fyrste omgang skal utgreie **behovet** for eit lærings og mestringsssenter, ikkje eit prosjekt for etablering. Dersom dette er rett blir spørsmål frå prosjektgruppa ikkje so relevante i denne omgang. Men dersom det allereie er vedteke å opprette eit 3-årig delprosjekt for etablering og drift av eit kompetanse-, lærings- og meistringssenter for Hallingdal, må det avklarast korleis prosjektet skal finansierast.

Utgangspunktet for finansiering med til saman 110 % stilling, var tilskot gjennom sentrale samhandlingsmidlar, og at event. restbeløp/eigeninnsats vart delt mellom kommunane og Vestre Viken.

Ein har ikkje fått sentrale samhandlingsmidlar til dette delprosjektet, men fekk kr. 400.000,- frå Helsedialog. Ein har ingen garantiar, men forventar også løyvingar frå Helsedialog dei neste to åra.

Prosjektgruppa ber om fylgjande avklaring frå regionrådet:

1. Kan regionrådet gje løyve til ei treårig tilsetjing?
2. Kan regionrådet løyve den kommunale delen på om lag kr. 325.000,- for 2012/13 eller skal denne fordelast på fem eller seks kommunar etter folketalet?

Etter dagleg leiar sitt syn bør det vera ein klar føresetnad at det er sikra finansiering for heile prosjektperioden. Å gå inn for ei finansiering for 1 år verkar ikkje relevant, dersom det er slik at prosjektperioden er 3 år. Kva skjer dersom det blir problem med finansiering for dei komande åra? Blir prosjektet avslutta, eller må dei som var med fyrste året også vera med vidare (bordet fangar).

Dagleg leiar kan heller ikkje sjå at Regionrådet for Hallingdal har midlar i storleik 1 mill. kroner, som kan nyttast til dette formålet.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at kommunane samla løyver kr. 175.000 pr. år i 2013, 2014 og 2015, til prosjektarbeidet for lokalmedisinske tenester i Hallingdal. Fordeling mellom kommunane
2. Delprosjekt Kompetanse, lærings- og meistringssenter.....

Gravabotten 21.8.2012

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Brev dat. 13.8.2012, frå prosjektgruppa for Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal.

Til Regionrådet

Frå Prosjektgruppa for Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal

Dato 13.08.12

Nærare avklaring av rammene for prosjektarbeidet

Prosjektgruppa for Prosjekt lokalmedisinske tenester i Hallingdal hadde sitt første møte 13.08.12. Prosjektgruppa vedtok å be om ei nærare avklaring frå Regionrådet av ressursrammene for Prosjekt lokalmedisinske tenester på to område:

- a) Hovudprosjektet
- b) Delprosjekt Kompetanse-, lærings- og meistringssenter

Ad a) Hovudprosjektet

Alle kommunane i Hallingdal og styret for Vestre Viken har slutta seg til ei vidareføring av hovudprosjektet i tre år ut 2015. Det heiter i fellesvedtaket: «Prosjektet skal framleis finansierast fifty-fifty mellom kommunane i Hallingdal og Vestre Viken HF med hovudfinansiering gjennom søknad om sentrale samhandlingsmidlar». Vidare heiter det at stillinga som prosjektleiar skal lysast ut så snart vedtak er gjort.

Prosjektgruppa er i ferd med å lyse ut stillinga for eitt år, med mogelegheit til å halde fram i inntil tre år. Prosjektgruppa meiner at ein har større sjanse til å få tak i gode prosjektleiarar dersom stillinga vert ei treårig prosjektstilling.

Det vert søkt om statlege samhandlingsmidlar for kvart år. På lik line med andre søkarar, fekk ikkje søknaden frå Hallingdal i 2012 tildelt så mykje pengar som ein søkte om. Det vart tildelt kr. 400.000,- for 2012. Dette vert i hovudsak søkt overført til 2013, då ein ikkje forventar tilsetjing før på slutten av året. Ein har ingen garantiar, men forventar tildelingar i same storleik dei neste to åra.

Budsjettet vil årleg liggje på om lag kr. 750.000,- inkludert lønnsutgifter for prosjektleiar, sosiale utgifter og driftsmidlar til prosjektet. Kr. 350.000,- må altså dekkast lokalt med halvparten på Vestre Viken og halvparten på kommunane.

Vi ber om fylgjande avklaring frå regionrådet:

1. Kan regionrådet gje løyve til ei treårig tilsetjing?
2. Kan regionrådet løyve den årlege kommunale delen på om lag kr. 175.000,- eller skal denne fordelast på dei seks kommunane etter folketalet?

Ad b) Delprosjekt Kompetanse, lærings- og meistringssenter

Det heiter i vedteken intensjonsavtale: «I løpet av 2012 etableres et samarbeid om 4 senger for øyeblikkelig hjelp og et prosjekt for lærings- og meistringssenter.» I fellesvedtaket heiter det: «Prosjektet opprettar eit 3-årig delprosjekt (2013-2015) for etablering og drift av eit kompetanse-, lærings- og meistringssenter for Hallingdal, dette som eit samhandlingsprosjekt mellom Hallingdalskommunane og Vestre viken HF. Delprosjektet blir bemanna med til saman 110 % stilling (60+50 %) og det skal søkast finansiert gjennom

sentrale samhandlingsmidlar. Eventuelt restbeløp / eigeninnsats skal delast mellom kommunane og Vestre Viken.» Prosjektgruppa er noko usikker på korleis Nes stiller seg til denne delen av vedtaket.

Prosjektgruppa er i ferd med å etablere ei delprosjektgruppe med deltakarar frå alle kommunane, Utviklingssenteret for sjukeheimar og Vestre Viken HF. Prosjektgruppa avventar å lyse ut prosjektleiarstillinga til det ligg føre svar på denne førespurnaden til regionrådet. Prosjektgruppa meiner at ein har større sjanse til å få tak i gode prosjektleiarar dersom stillinga vert ei treårig prosjektstilling.

Ein har ikkje fått sentrale samhandlingsmidlar til dette delprosjektet, men fekk kr. 400.000,- frå Helsedialog. Prosjektgruppa vil påpeike at dette er midlar som kjem frå helseforetaket, då KS ikkje lenger bidreg til Helsedialog. Ein har ingen garantiar, men forventar også løyvingar frå Helsedialog dei neste to åra.

Det er vanskeleg å setje opp eit budsjett for KLM-senteret. Ein god del av aktiviteten kan dekkast gjennom små prosjekt der ein får prosjektmidlar utanfrå. Det kan nemnast at Utviklingssenteret for sjukeheimar hentar inn 1,8 mill. i ulike prosjektmidlar berre for 2012. Det er også truleg at KLM-senteret vil kunne få utløyyst kompetansmidlar frå Fylkesmannen. Ein del av arbeidsoppgåva til prosjektleiar vil vera å sikre økonomien til senteret. Ein reknar med at ein etter det fyrste driftsåret vil ha meir oversikt over forventa inntekter og utgifter. Prosjektgruppa minner om at kommunane vil ha innsparing ved reduserte utgifter til kurs og konferansar utanom dalen.

Ser ein på den basale drifta, vil bruttobudsjettet årleg liggje på om lag kr. 800.000,- inkludert lønnsutgifter i 110 % stilling, sosiale utgifter og driftskostnader. Mykje av dei basale driftskostnadane reknar ein med å hente inn gjennom deltakaravgifter m.m. Likevel vil truleg nettobudsjettet for den basale drifta ligge nær kr. 725.000,-. Foretaket har allereie bidratt gjennom Helsedialogmidlar på kr. 400.000,-. Det resterande beløpet på kr. 325.000,- må såleis dekkast av kommunane.

Vi ber om fylgjande avklaring frå regionrådet:

1. Kan regionrådet gje løyve til ei treårig tilsetjing?
2. Kan regionrådet løyve den kommunale delen på om lag kr. 325.000,- for 2012/13 eller skal denne fordelast på fem eller seks kommunar etter folketalet?

For prosjektgruppa

Øystein Lappegard
leiar